

|               |             |             |             |
|---------------|-------------|-------------|-------------|
| FREDAG 18/8:  | 05:58/21:24 | 08:25/21:13 | 02:15/14:47 |
| LAURDAG 19/8: | 06:01/21:21 | 09:50/22:15 | 03:24/15:50 |
| SØNDAG 20/8:  | 06:03/21:19 | 10:48/23:07 | 04:23/16:44 |
| MÅNDAG 21/8:  | 06:05/21:16 | 11:38/23:52 | 05:15/17:34 |

## GODT SAGT

Om du jager naturen bort, kommer den tilbake i firsprang.

A. DESTOUCHES

## NAMNEDAG

18/8: Tormod, Torodd  
19/8: Sigvald, Sigve  
20/8: Bernhard, Bernt  
21/8: Ragni, Ragnvald

## VÊR OG VIND

I dag: Lettsky, flau vind frå sør-sørvest. Opplett.  
I morgon: Kraftig regn, lett bris frå aust-sørvest.  
Søndag: Regn, lett bris frå vest. Måndag: Skya, svak vind frå vest-sørvest. Opplett.

## STINA I STØÆ

Eg ser det var lite bruk av mobilar i vikingtida. Men eg er usikker på om det var noko særleg fredelegare av den grunn.



# Ausekarane og Claus Sellevoll i sykkel-VM

Ikkje i løypa, men på scena.

Av Ketil Tjore  
[ketil@strilen.no](mailto:ketil@strilen.no)

Denne veka kom kulturprogrammet for sykkel-VM i Bergen i september, og der er fleire strilar henta inn for å skapa liv og røre i Bergen.

Arrangørane inviterer til gratiskonsertar på Torgallmenningen under VM-veka frå laurdag 16. september til søndag 24. september. Her vert det ulike artistar og opplegg, og torsdagen i VM-veka er det allsong-konsert med Christine Guldbrandsen og Claus Sellevoll som vertar.

– Me skal ha med oss masse artistar, og så er det vel ikkje heilt usannsynleg at me syng litt sjølve også. Ove Thue skal vera med, kanskje det vert ein duett med han? seier Claus Sellevoll, og viser til låtane frå samarbeidet mellom Ove Thue og Ivar Medaas, og som Thue og Sellevoll har framført fleire gonger.

Til allsong-konserten kjem det vidare artistar som Ephe-mera, Serlina, Eirik Søfteland, Myrna Braza, og Christine Sandtorv og Stjerneteller-koret.

– Dette vert veldig kjekt å vera

med på. Bergen er ein by som kler å ta imot eit arrangement som Sykkel-VM, det kler det bergenske lynnet, seier Sellevoll til Strilen.

## Ausa på!

Ausekarane har ikkje vore på ferjeturné denne sommaren, men har ausa ein del på land, mellom anna med ein konsert på Fedje den 12. august. Strilar og andre som ikkje har fått sin årlege dose med ramsalt musikk og minst like ramsalte kommentarar frå Bjørn Jensen, kan sjå og høyra Ausekarane på Torgallmenningen tysdag 19. september.

Scena på Torgallmenningen er også plassen der alle medaljeseremoniar vil skje under VM-konkurransen, og gratiskonsertane startar straks siste medalje er delt ut.

## Strilar med ansvar

Eit VM arrangement i Bergen har sjølvsagt med musikkinnslag av både Jan Eggum og Bergen Filharmoniske Orkester. Men når arrangementet er delt med dei tre strilekommunane Øygarden, Fjell og Askøy er det naturleg nok plass til strilemusikk, og så er kulturopplegget då også sett



**AUSEKARANE:** Frå venstre Jan Arne Knutsen, Tore Mæhle, Bjørn Jensen, Svein-Tore Hindenes, Espen Vågstøl og Tor Endresen.

opp av strilar, Øyvind Storheim frå Kulturoperatørene og Sølvi Ones i Unison.

– Syklistane er sjølvsagt dei største stjernene under VM. Men som ein fantastisk bonus vil også lokale artistar og kunstnarar skina under meisterskapen, seier Øyvind Storheim, dagleg leiar i Kulturoperatørene.

– Når publikum samlast til Sykkel-VM skal me visa fram den fantastiske kvaliteten og breidda i kulturlivet vårt, og gje publikum gode opplevingar. Og dei aller fleste av arrangementa er gratis og opne for alle, seier Sølvi Ones i Unison.



**SYNG MED:** Claus Sellevoll er ein av to vertar under allsongkonserten under sykkel-VM i Bergen i september.

Foto: OLE FRIELE

# Helga då heile bygda er på beina

Når det er Kaidag i Furneset, skal det stellast pent med gjestane.

Av Gunn Berit Wiik Berg  
[gunn.berit@strilen.no](mailto:gunn.berit@strilen.no)

– Kaidagen oppstod i samband med Kystsogveka. Då dekkja me til rekebord i samfunnshuset og laga til fest for heile bygda. Men etter at Oster spurde om å få ta turen innom på ein av fjordturane sine, har kaidagen vore ute på kaien, forklarar Beate Bø i arrangementskomiteen.

No kjem Oster på besøk same helga kvart år på slaget klokka tolv med gjes- tar frå andre sida av fjorden. Dermed er kaidagen blitt endå større enn før, og Bø fortel at det sikkert er oppunder hundre menneske innom i løpet av dagen.

Rekebord har dei framleis, og i tillegg har dei kiosk, salsbuer og mykje moro for borna.

– Me legg stor vekt på at det skal vera kjekt for heile familien og at det ikkje skal kosta så mykje, seier Bøe.

Dei prøver også å finna på litt nye ting slik at det ikkje blir heilt likt kvar gong.

Difor hadde dei i år ein «Kaidagstest» der borna vart utfordra på sjøvit, i tillegg til lynlotteri og akvarium med fiskar oppi. Ein kunne også få seg ein tur uti sundet med skøyta Kapp.

– Akkurat dette klarte sjølvsagt regnet å leggja ein liten dempar for, men det vart no nokre turar likevel, seier Bøe som i likskap med resten av bygda har vore ute ein regnfull sommardag før.

**VÅT SUKSESS:** Å laga rekefest og moro ute når værmeldingane er heilt svarte slik som søndag, er ikkje for pyser. Men med heile bygda med på laget, vart kaifesten ein suksess i år også.

Foto: Mary Littlekalsøy Sellevåg

